

Osterhallen – ein hall for alle

09.04.2018

Innspel frå FAU ved Ostereidet barneskule i høve til rominndeling og behov i ny hall.

FAU arrangerer årleg tilstellingar for foreldre knytt til skulen, samt større arrangement for bygdene i tilknytning til Ostereidet/Ostereidet skulekrins (t.d. 17- mai feiring.) I desse samanhengar har FAU behov for sceneområde, tribune (teleskoptribune/uttrekstribune) slik at det vert mogleg for mange å samlast og sjå det som vert presentert.

I høve til større arrangement vil det også vere behov for eit stort tall bord og stolar og dermed lagringsplass til desse i tilknytning til sal/område der dei er tenkt å verte sett opp. Slik moglegheita på Ostereidet er i dag vert store mengder stolar og bord flytta mellom ulike bygg og må somme gongar fraktast med bil grunna avstand, mengd og vekt.

FAU har pr. i dag ikkje møterom eller samlingsstad for å gjennomføra månadlege møter eller møterom for planlegging av større arrangement. I tilknytning til rommet vil det også vere behov for lager der FAU kan oppbevare rekvisita frå arrangement til arrangement og plass til å leggje att informasjon for overføring til neste års FAU representantar.

Når FAU arrangerer temakvelder, held 17- mai eller anna vil det vere behov for kjøkken med rikeleg benkeplass for å kunne tilberede mat for servering eller sal. Det er behov for kiosk som rommar at meir enn to kan jobbe saman om dei oppgåvene som skal utførast i kioskområdet. Ved tilbering av større mengder mat, både varm og kald, vil det krevje lagringsplass for større panner, takker, kjøleskap samt Steamer (til oppvask) slik at arbeidet vert effektivt og utført i trå med gjeldande retningslinjer for reinhald i offentleg rom etc.

Til sist ynskjer FAU å presisere at Ostereidet skule- og idrettskrets går over store avstandar. Foreldre og born nyttar mange timar i bli kvart år til og frå idrett, aktivitet og arrangement. Mange av borna har både eldre og yngre søsken som må/får vere med og medan ein deltar på aktivitet, må andre vente. Det er i dag ikkje noko vente- eller samlingsrom i tilknytning til eksisterande gymsal på Ostereidet. Det er behov for foajé med stolar og bord, samt eit aktivitetsrom/bibliotek der born som ventar kan vere saman og vaksne i bygdene kan møtast og vere sosiale. Sekundært er det også miljøvenleg når me som foreldre/føresette har gode venteområde slik at me ikkje treng eller lenger ynskjer å køyre til og frå.

Venleg helsing

FAU – Ostereidet Barneskule

v/ Ann Kristin H. Aasgard, vararepresentant for Ann Kathrin Moe Midtgård Espevoll